

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
099/14	Kommunestyret	PS	27.11.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Marit Voltersvik	14/7494

Smittevernplan for Lindås kommune

Vedlegg:

Smittevernplan

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Smittevernplan for Lindås kommune blir vedteke slik den ligg føre.

Kommunestyret - 099/14

KO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

KO - vedtak:

Smittevernplan for Lindås kommune er vedteke slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjeraast i kommunestyret

Ein må særskild sjå på delen om delegert mynde

Forrige smittevernplan vart godkjend i 2008. Etter dette har det ikkje vore gjort nokon revisjon av planen . Planen ble vurdert for oppdatering og revisjon i mai 2014. Grunna store faglege endringar vart planen heller skriven heilt om og gjeve ein form som er betre i

samsvar med dei sentrale anbefalingane.

Plan og system rundt smittevernet er ein svært viktig del av kommunehelsetenesta.

Det handlar om sikkerheit til innbyggjarane , det handlar om å ha god nok oversikt for å kunne førebyggje smittsame sjukdommar og det handlar om beredskap.

Referansar:

Smittevernlova:<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1994-08-05-55>

Helseberedskapslova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-06-23-56>

Vurdering:

Det er fleire store utfordringar innan smittevern i dag.

A) Større bevegelse av menneske over grenser og mellom kontinentar. Dette gjev moglegheit for fleire smitta med sjukdommar ein vanlegvis ikkje finn her heime.

B) Flyktningar og familiegjenforeningar krev eit godt samarbeid med smittevernet i forhold til m.a. tuberkulose . Metoden ein jobbar etter har endra seg dei siste åra og siste endring kom no i haust. Soleis må ein idag utforma ein smittevernplan som heile tida kan oppdaterast i takt med nye prosedyrar gjeve mellom anna av folkehelseinstituttet.

I tillegg har Ebola epidemien i Vest Afrika krevd at ein har stort fokus på beredskap og system i forhold til alvorlege smittsame sjukdommar.

Verda er og i endring i forhold til mathygiene og smitte og beredskapen i forhold til næringsmiddelsjukdommar (mat og vatn) krev godt samarbeid med andre etatar både lokalt og sentralt.

Planen er byggja opp meir som eit arbeidsverktøy og ein «hands on» plan der en fort finn fram til det ein treng i ein eventuell akutt situasjon. Ein treng eigentleg berre første side. I den utgaven som vert liggjande i plansystemet vil formatet være litt annerleis og ikkje med alle http://www. Linkane i heile tekstu, men berre med eit ord som seier kva for dokument linken fører til til eksempel [Smittevern boka](#)

Dette er særstakt viktig i dag då det er fleir enn ein som jobbar med smittevern i kommunen. Fagfeltet krev kontinuerleg oppdatering og kursing og det krev at alle finn det dei treng i ein gitt smittevernsituasjon.